



Prosjektrapport om barnehagestrukturen i Vang kommune

01.10.2018



Vang kommune
- vilt og vakkert

1. Innleiing og mandat

I desember 2017 vedtok kommunestyret gjennom økonomiplanen for 2018 – 2021 å berre ha 2 barnehagar i Vang kommune, barnehageåret 2018/2019. Då det var færrast barn i Øye barnehage, var det denne som vart midlertidigt stengt. Avgjersla vart teke på bakgrunn av eit effektiviseringsprosjekt som vart framlagt kommunestyret i juni 2017. Eit av effektiviseringspunktene i denne rapporten var nedlegging av ein barnehage.

Det vart fort oppretta ein aksjonsgruppe som jobba aktivt for å halde barnehagen open. Gruppa hadde møter med administrasjonen, formannskapet og kommunestyret der dei argumenterte for kvifor barnehagen framleis burde vere open.

Det var den økonomiske situasjonen som til sjuande og sist gjorde at vedtaket om å halde Øye barnehage stengt vart oppretthalde. Formannskapet vedtok den 07.06.18 å opprette ei prosjektgruppe som skulle sjå på den framtidige barnehage strukturen i Vang kommune. Prosjektgruppa skulle utgjere 4 foreldre (ein frå kvar krins), ein representant frå næringslivet, ordførar og ein representant frå opposisjonen. Totalt 7 stykker. Administrasjonen stilte med sekretær til gruppa.

Mandatet til gruppa var:

Arbeidsgruppa skal legge fram alternativ for drift av barnehagar/ barnehagestruktur frå året 2019/2020 basert i hovudsak på vurderinga i denne saka.

Vurdering i saka: *Ei framtidig barnehagestruktur må ha eit langsiktig perspektiv og bør mellom anna medverke til:*

- *Å sikra eit utviklande, likeverdig og godt barnehagetilbod til alle barnehagebarna i Vang kommune*
- *Å sikra eit godt arbeidsmiljø for alle barn og tilsette*
- *Å sikra ein stabil barnehagestruktur over tid*
- *Å sikra at barna har ei akseptabel reisetid til og frå barnehagane*
- *Å sikra funksjonell og kostnadseffektiv barnehagedrift*
- *Å sikre samsvar mellom tal på barn, barnehageplassar og utvikling i barnetal*
- *Å sikra best mogleg økonomisk berekraft i barnehagesektoren tilpassa den økonomiske situasjonen i kommunen*
- *Å sikra best mogleg kvalitet i barnehagane ved å sikre ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ei kvar tid rår over*
- *Å kome fram til ein barnehagestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i overordna plangrunnlag*

Arbeidsgruppa enda med å laga eit strategidokument med visjon og målsettingar som dei meinte svara på vurderinga i saka og som bør kunne nyttast av Vang kommune som ein langsiktig strategi.

Prosjektgruppa består av:

Ordførar: Vidar Eltun

Opposisjonspolitikar: Anne Lajord Belsheim

Foreldrerepresentant Fredheim: Ingeborg Lunde

Foreldrerepresentant Øye: Anne Synnøve Lunde

Foreldrerepresentant Åsvang: Ida Østvold

Foreldrerepresentant Høre: Tom Kjetil Tørstad

Næringslivsrepresentant: Kjell Magne Kvale

Sekretær: Remi Nilsen

2. Moment som vart diskutert i arbeidsgruppa

1. Køyretid

- a. Eit av momenta som vart diskutert var avstand til barnehagen. Alle kunne forstå utfordringane til dei som bur på Tyinkrysset og som no får lengre køyretid til barnehagen. Det var brei semje om at foreldre ikkje skal ha unødig lang reisetid til barnehagen, og at dei som bur på Tyinkrysset må få plass på Fredheim dersom Øye er stengt. Om ikkje foreldra ynskjer det sjølve, så kan ein ikkje forlange at barn frå Øye/Tyinkrysset blir plassert i Høre barnehage. Vang kommune er ei vidstrakt kommune, korleis sikrar ein størst mogleg likebehandling av innbyggjarane?

2. Langsiktig planlegging

- a. Gruppa var einige om at barnehagetilbodet må planleggast slik at det blir langtids og stabilt over tid. Barnekull har ein tendens til å kome i bølgjer og dette må ein kalkulere inn om ein vel å opne ein ny barnehage. Det betyr at ein reopning av barnehagar bør har ein minimumshorisont på 5 -10 år, og at det difor bør vera nok barn til å gje eit pedagogisk fullverdig tilbod.

3. Utvikling i barnetala

- a. Diskusjonen gjekk mykje på kor optimistisk ein burde vere i sine prognosar for framtida. Arbeidsgruppa kom fram til at ein ikkje burde vere så pessimistiske i sine prognosar. Ein bør følje målsettinga om at Vang kommune ynskjer ein befolkningsvekst. Målsettinga til Vang kommune må difor vera reflektert i barnehagestrukturen/strategien, slik at kommunen er attraktiv for barnefamilier. Ein meinte også at ein ikkje burde sjå seg blind på statistikk, då det i ei så lita kommune som Vang kan få store utslag med små endringar.
- b. Kapasiteten på Fredheim barnehage vart diskutert, og det var stor usikkerheit om det var nok plassar til alle i barnehagen. Det vart på siste møte i arbeidsgruppa, opplyst om at Fredheim kan ha plass til 30 store barn og 20 små barn, noko som tilsvarar 70 plassar. Det er områder i barnehagen som ikkje er rekna med som barnehageareal, det skal difor søkjast om ein utviding av tala på bakgrunn av dei utelatne arealet.

4. Barnehageplass til alle

- a. Gruppa var einige om at det ikkje skal vera vanskeleg å få barnehageplass i Vang kommune. Ein bør ikkje kome i ein situasjon der eit barn ikkje får plass. Det var stor ueinigheit om kor streng ein skulle vere med å styre kor barna skulle få plass. Fritt val av barnehage var eit sterkt ynskja.
- b. Sidan Høre og Fredheim barnehage er ny for mange så vart det fremja eit ynskje om at barnehagane skal invitere foreldre til ein open dag, der dei kan bli kjent med barnehagane. Det er stor plass i Høre barnehage og den vil ikkje ha problem med å ta inn alle som ynskjer å ha barna sine der.
- c. Det vart fremja eit sterkt ynskje om å opne Øye barnehage att. Dette vart grunna med at Vang kommune har planar om å skape vekst og utvikling på Tyinkrysset og at Fredheim kunne sjå ut til å bli full. I denne diskusjonen kom også ynskje om å opne Åsvang barnehage. Åsvang har flott og variert uteområde og var ein naturbarnehage då den var open. Dette tilbodet var sakna av foreldregruppa på Åsvang.
- d. Frå Åsvang er det like langt til Høre som til Fredheim, men det må vere opp til foreldra om dei ynskjer å ha barna sine på Fredheim eller Høre. Kanskje jobbar foreldra i Vang hovudsokn og det vil vere naturleg at barna går i Fredheim?

Gruppa hadde 4 møter, der ein i møte 3 og 4 arbeidde meir konkret med ein barnehagestrategi for å svare på mandatet til gruppa. Gruppa vart eininge om ein visjon og 10 mål i prioritert rekkjefølje, som ein meinte Vang kommune burde bruke i si framtidige planlegging.

3. Visjon

Vang kommune ynskjer alltid å kunne tilby barnehageplass i den barnehagen foreldra ynskjer, og vil arbeide mot å kunne ha ope alle dei fire grendebarnehagane.

4. Målsetjingar i prioritert rekkjefølje

1. Det skal alltid være tilgjengelig kapasitet ved starten av kvart barnehagehalvår, slik at det er mogleg å tilby plass i den barnehagen foreldra ynskjer. Kapasiteten skal vere minimum 3 plassar ved kvar open barnehage når barnehagehalvåra startar (januar / august).
2. Barnehagane i Vang har kontinuerlige opptak inntil reservekapasiteten er brukt opp. Det er mogleg å tilby ein midlertidig (6 mnd.) plassering i ein barnehage med ledig kapasitet, dersom reservekapasiteten er oppbrukt i den barnehagen barnet har som fyrste prioritet.
3. For å støtte rekruttering av arbeidskraft til kommunen og i førebyggjande hensikt, skal Vang kommune strekke seg langt for å gje eit best mogleg tilbod tilpassa kvar enkelt barnefamilie.
4. Ein god og tilgjengeleg barnehage er sosialt utjamnande og viktig for ein god start i barna sine liv, barnehagane skal derfor prioriterast høgt.
5. Barnehagane skal sikre best mogleg kompetanse for sine tilsette for å kunne gje best mogleg tilbod til barna. Det skal leggast tilrette for god fagleg utvikling, for å skape ein attraktiv arbeidsplass med motiverte arbeidstakrar. Gode barnehagar som strekkjer seg litt ekstra er attraktive og viktige for familar som vel å flytte til kommunen, så vel som for fastbuande.
6. Informasjon om barnehagane og opptak skal vere lett tilgjengeleg og eintydig. Hovudopptak er 1. februar, men foreldra kan søke fortløpande. Det skal leggast tilrette for at foreldre kan søke inn barn før fødsel, dersom termin etter 1. februar. Dette for å lette planlegging av komande barnehageår for kommunen.
7. Alle opne barnehagar i kommunen skal ha like opningstider, men tilpassing i forhold til skuleruta kan vurderast. Dette for å sikre at alle barnehagane er eit reelt alternativ for foreldra.
8. Barnehagane i Vang skal ha god økonomisk og arealmessig ressursutnytting.
9. Barnehagane skal ta omsyn til at kommunen er langstrakt og sikre at barna har ein akseptabel reisetid til barnehagen.
10. Når utviklinga og barnegruppa i ei grend er stor nok til å kunne gje eit pedagogisk fullverdig tilbod, skal det bli vurdert å opne opp att barnehagen.

5. Konklusjon

Prosjektgruppa konkluderte med at ein ynskjer at Vang kommune arbeidar mot å ha alle fire grendebarnehagane opne på sikt. Dersom dette ikkje er mogleg håpar ein at målsettingane ovanfor kan brukast som eit hjelpeverktøy, til å planleggje framtidas barnehagestruktur.